# Årsmelding 1980 (9/3-80 til 29/3-81

I denne perioda har styret vore Solvei Aulstad, Solveig Rusten, Maria Fære Forseth, Arve Kleiven, Amund Thallaug og Nils Bjørge, med den siste som formann. O.T. Forseth har vore kasserer, Arve Kleiven nestformann og Solvei Aulstad sekretær. Varamenner: Ingeborg Kalstad, O. H. Foss, Ole Finsrud og Kr. Fougner.
Revisor Hans Korslund.
Det har i året vore 5 styremøter, og det var også planer om å få i stand ein ein fest eller medlemsmøte.
Til dette vart det av styret nemnt opp ein festkomite, men da dette vart

gjort litt seint, vart det bestemt at vi skulle ha festen i samband med årsmötet nå.
Det er framleis fotoregistreringa som står fyrst på lista over dei ting vi skal arbeide med. Vi har kontakta Liv Hilde Boe i sekretariatet for fotoregistrering som har ~~lova~~ lova å orientere og hjelpe til med rettleiing om korleis ein bör gå fram med dette.
Av dei ~~sist~~ fire andre arbeidsoppgavene har det ikkje vorte gjort noe særleg siste året.
Siste haust hadde laget folkeminne-seminar i Chr. Brunn Heimen. Amund Thallaug og Maria Fære Forseth var valde til å stå for dette. Det synte seg å vera populært og samla mange interesserte. Forelesarar var Anne Svang og Velle Espeland.

Frå pensjonert sogneprest Ingvar Garåsen, Sandefjord, har vi fått tilsendt ein del interessant stoff som handler om livet på ein gard før i tida. Det er mor hans, Marta Garåsen, som har skrive ned dette, og vi har sendt det over til bygdeboknemnda.
Av Anine Wollebæk Slåtto har vi fått kopi av dagbøkene til Christine Flifler som gave. Dette har vi tatt i mot med takk og lagt dei i arkivet.
Gjennom Olav Øverli, Ringebu, er vi vorte spurde om å hjelpe til med å samle stoff til The University of North Dakota. Der er det planer om å få istand eit senter for ættesoge.
Vi har fått jubileumsbøker frå Sør-Gudbrandsdal Sparebank og Gausdal Skogeierlag som vi har sendt saman med Gausdalsboka av Ivar Kleiven.

Gjenom O. T. Forseth har vi fått muntleg tilbod frå kulturstyret om at dei kan ta på seg registrering og arkivering av papirer som Historielaget har. Dette vart drøfta på siste styremøte og vi bestemte oss for å ta imot tilbodet med takk. Beskjed om dette vedtaket er gjitt kultursekretæren, også muntleg.
På årsmøtet i Gudbrandsdal Historielag møtte O. T. Forseth, Iver Forseth, Maria Fore Forseth, Ottar Einstad, Einar Austlid, Paul Henriksen og Nils Bjørge.
Når det gjeld aktiviteten i laget kan det sjølsagt vera ymse meiningar om kor bra denne er, men underskrivne vil få halde fram at styremedlemene har vore flinke til å kome på møtene, og at dei har vore aktive når det har vore oppdrag å utføre. Serleg gjeld dette folkeminneseminaret. Ein gongen passa formannen

på å reise bort for å sleppe unna.
På enkelte områder lyt vi seie at Historielaget er i framgang. Vi tenkjer da på formannsklubba som Arve Kleiven hadde med seg til siste styremøte. Han hadde fått Harald Volden, Svatsum, til å lage denne.
Når nå formannen har denne i handa kan han få forhandlingene raskt og effektivt unna på møtene.